

13.3.20

Informasjon til tilsette ved Osterøytunet i forhold til korona-situasjonen.

Hei alle saman.

Som de nok har fått med dykk, er det no innført mange tiltak i forhold til korona-beredskap. Me er i gong med ein stor dugnad i landet for å begrense smittespreiing.

Eg vil her prøve å oppsummere viktig informasjon til dykk som gjeld Osterøytunet . Oppmodar dykk til å følgje med på dagleg oppdatert informasjon på Fhi (Folkehelseinstituttet) og Helsedirektoratet sine nettsider. Også Osterøy kommune si heimeside har viktig informasjon. Alle må i tillegg gå inn og sjekke e-posten sin kvar gong de er på jobb.

Leiarar og fagkoordinatorar har arbeidd med å få på plass tiltaksplan, blant anna for korleis håndtere eit fråvær opptil 40%. Tiltaksplan og rutine for pålegg om meirarbeid er skriven ut til alle grupper/natt, i tillegg til Fhi sin informasjon om *Bruk av beskyttelsesutstyr*.

Eg ber dykk alle gjere dykk kjent med desse rutinene! Bruk tid på å tenke gjennom korleis du skal ta på og av beskyttelsesutstyr og anna informasjon som kjem fram her. Ikkje begynn å øve praktisk ved å bruke smittevernustyr. Dette me må ha når me virkelig treng det!

Anna informasjon:

- Det er innført besøksforbud på Osterøytunet/Bufellesskapet foreløpig gjeldanede til og med 26.3.20. Oppslag heng på alle inngongsdører. Ved spesielle tilfelle vurderast unntak t.d ved livets siste dagar. Pårørande må då gjere avtale med avdelingsleiar/områdesjukeleiar.
- Vær oppmerksam på at helse personell no har fått forbud om å reise ut av landet.
- Spørsmål om ferie og avspasering no i vår, som ikkje allereie er blitt innvilga, vil bli avslått.
- Det kan bli naudsynt at me må trekke tilbake planlagt ferie/avspasering.
- Dagavdelinga er stengt. Lillian vil difor bidra med aktivisering/hjelp inn i ulike grupper 2-3 dagar i veka
- Alle må skifte arbeidstøy dagleg. Det vert bestilt inn ekstra arbeidstøy over helge, slik at me skal ha nok.

I heile landet er det redusert leveranser av handdesinfeksjon. Eg minner om at riktig utført håndvask er første valg og at det berre nyttar handdesinfeksjon der de må.

Om det er noko de lurar på, ta kontakt med leiaren din.

Ynskjer dykk alle ei riktig god helg 😊

Mvh Åse,

Einingsleiar